

Lokal forskrift 1. august 2025 om skulerute for grunnskulen i Ulvik herad 2025-2026

Heimel: vedteke av heradsstyret i Ulvik herad 2025 med heimel i Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova LOV-2023-06-09-30) § 14-1 andre ledd.

§ 1 Føremål og verkeområde

Forskrifta gjev informasjon om skule- og feriedagar elevane har i skuleåret 2025-2026.

Elevane har rett og plikt til å møta på skulen på dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjeld for alle elvane i grunnskulen i Ulvik herad

§ 2 Felles datoar

Det er fastsett i opplæringslova at opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhangande veker.

§ 3 Skule- og feriedagar for skuleåret 2025-2026

Fyrste skuledag etter sommarferien	14 .august
Haustferie	6. oktober til 10. oktober (veke 41)
Planleggingsdag, elevane har fri	13.november
Juleferie (siste skuledag før jul 19. januar og fyrste skuledag etter ferien er 5.januar)	22.desember til 5. januar.
Vinterferie	16. februar til 20. februar (veke 8)
Planleggingsdag, elevane har fri	13. mars
Påskeferie (siste skuledag før påske 27. mars, fyrste skuledag etter påske er 7. april)	30. mars- 6. april
Offentleg fridag	1.mai
Kristi himmelfartsdag	14. mai
Elevfri dag	15. mai
2. pinsedag	25. mai
Siste skuledag før sommarferien	19 .juni

§ 4 Iverksetjing og opphøyr

Forskrifta trer i kraft 01.08.2025 med opphøyr 31.07.2026, eller til den vert erstatta med ny forskrift.